

ÅRSMELDING

KYRKJELYDANE I ETNEDAL

2024

Innleiing

2024 har vore eit bra arbeidsår, der vi kunne fylgje årshjulet som er nedfelt i planverka våre. Alle møte menneske imellom, er skapande arenaer i viktige fellesskap.

I gudstenesta møter Gud oss i ord og sakrament, det berande fellesskapet i einkvar kyrkjelyd.

Kyrkjelege handlingar, så som dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd, samlar framleis mange, og er sterke vitnemål om at kyrkjene våre er gode tilhøyrigheitsplassar.

Vi feira åtte dåpshøgtider i kyrkjene våre i løpet av fjoråret, like mange som i 2023.

Kyrkjekontoret flytta frå gamle kommunehuset til Etnedal sparebank sine lokale i mai. Ei betydeleg oppgradering.

Kyrkjelydsfesten 2024 var 15. mars på Bruflat menighetshus. Gjestetalar var Sokneprest Jostein Enger, Helena og Sergio spelte.

Kyrkjegardsvigsling

Ei stor hending for Nord-Etnedal og heile Etnedal, var vigslinga av den nye parsellen på kyrkjegarden ved Nord- Etnedal kyrkje. Prost Carl Philip Weisser leia den høgtidelege handlinga.

Frivillige

Mange frivillige er engasjert i kyrkjelydsarbeidet, så som kyrkjevertar, blomeansvarlege, servering av kyrkjekaffe og kaker, distribusjon av Kyrkjevarden, sjåfør- og fyljetenester til kyrkje, guiding i kyrkja sommarstid. Nokon tek også guiding, ved spørsmål, elles i året. Anna tilrettelegging og dugnadar, og særleg kyrkjegardsdugnadane om våren, samlar mange både på Bruflat og i Nord-Etnedal.

1. Sokneråda

Bruflat sokneråd:

Aage Kleven, leiar
Kari Bergsbakken Byfuglien, nestleiar
Hanne Byfuglien
Jan Aune
May Britt Småladen
Gjermund Urberg
Sokneprest Marit Slettum
1. vararepr., Syver Øistuen
2. vararepr., Ingrid Helle Bjørnødegård

Nord-Etnedal sokneråd:

Turid Hagaseth Byfuglien, leiar
Thor Olav Hjelleset., nestleiar
Elin Hestekind
Solfrid Skogstad
Sokneprest Marit Slettum
1. vararepr. Oddvar Bergsbakken
2. vararepr. Oddveig Bergsbakken

- 1.1 Møte:
- | | |
|--|-----------------------------|
| Bruflat sokneråd: | 7 møter og 41 saker |
| <i>(Bruflat sokneråd avd Nordre Lenningen:</i> | <i>8 møter og 25 saker)</i> |
| Nord-Etnedal sokneråd: | 3 møter og 25 saker |
| Felles soknerådsmøte: | 1 møte og 4 saker |

2. UTVAL UNDER SOKNERÅDA

2.1 Diakoniutvalet

Oddbjørg Hagaseth, leiar, Anne Marit Stensæter, Hanne Byfuglien, Oddveig Bergsbakken, Jorunn Bergsbakken, Solfrid Skogstad, diakon Solgunn Vårlid Stensæter og soknepresten.

Møte: 6

Besøksteneste

Det har ikkje vore organisert besøksteneste i kyrkjelydane dette året, men både diakoniutvalet, Solgunn diakon, Marit prest og fleire andre er engasjert i heimebesøk.

Fasteaksjonskveld

Diakoniutvalet hadde også dette året ansvaret for fasteaksjonskvelden på Bruflat Menighetshus 19. mars (torsdag før palmesøndag), som avslutta konfirmantane sin Bøsseaksjon til Kirkens nødhjelp, med innlevering av bøsser.

Tema for fasteaksjonen er REINT VATN

Stian Andre Skåren og Toril Grønbrekk frå Etnedal sparebank tok seg av pengetellinga.

Konfirmantane, presten og regionkontakt Kristin Tepstad Eide var med, saman med gode naboar frå Kirkevoll, og mange andre. Fiori og Samuel Asmelash, opprinneleg frå Eritrea, og Tanya frå Ukraina serverte mat frå heimlanda sine, saman med diakoniutvalet.

Leiar Oddbjørg Løvlie Hagaseth styrte kvelden

Sommertreff på Menighetshuset

13. juni arrangerte diakoniutvalet sommertreff for bebuarane i omsorgsboligane. Det vart servert rummegraut, diakon Solgunn var med og hadde naturkviss og det var god prat og sang rundt borda.

Lysfest og julegrantenning på Bruflat 1. søndag i advent. 1. desember

Diakoniutvalet tok også dette året ansvaret for fakkeltog, julegrantenning, julesang, nisse og godteposer, etter lysmessa. Gjermund Urberg skaffa juletre, som kyrkjetenar Nils Kjell og organist Sergio sette opp.

2.2 TRUSOPPLÆRING; Trusopplæringsutvalet i Etnedal

Elin Hestekind, Kari Bergsbakken, Hilde Hestås Kolstad og trusopplæringsmedarbeidar Helena Wright.

Møte: 2

Dåpshelsingar på 1, 2, og 3 års-dag for dåp blir sendt ut av Laila Sveen på kyrkjekontoret. Ho sender også ut invitasjonar til alle samlingar.

Utdeling av 2-, 4- og 6- årsbøker er knytta opp mot familiegudstenester, som trusopplærar, prest og diakon samarbeidar om.

Bruflat søndag 25. august. Utdeling av 6-årsbøker. 4 fekk kyrkjebok

Bruflat kyrkje 27. oktober. Utdeling av 4- og 2-årsbøker for begge sokn.

Deltakarar; 2 (4 år) og 4 (2 år)

Påskevandring

Trusopplærar Helena arrangerte saman med diakon Solgunn påskevandringar i Bruflat kyrkje 18. mars. 3-6 år, 21 deltakarar.

Tårnagentar 27.-28. april

Trusopplærar Helena Wright inviterte til kreativ samling i klokketårn og kyrkjerom denne helga. Agentane var med på gudstenesta søndag 28. april, og presenterte noko av det dei hadde lært på skattejakta si.

Deltakarar: 7

Teikneseriebibel vart delt ut til dei eldste, som var 3.

Kyrkjerotteteater 17. oktober

Kirkerotteteater er eit populært tiltak. 36 barn 3 – 7 år var med

Ansvarleg: Trusopplærar Helena Wright.

1+2. klasse-samlingar: 8 deltakarar

Kyrkjekino: 7

Julevandringar

Tysdag 10. desember arrangerte Helena og Solgunn julevandringar i Bruflat kyrkje.

Julekrybba fungerer godt som samlingsplass og endestasjon for vandrainga, som startar i dåpssakristiet, der alle blir skreve inn i manntalet.

7 år: 10 deltakarar

5 år: 10 deltakarar

2.3 KONFIRMANTARBEIDET

Møte: 1

Utval: Turid H. Byfuglien, Unni Hagasæt, Karl Tonny Kvernmo, May Britt Småladen, Jan Tore Nygaard og soknepresten.

Konfirmantane 2023/2024

Konfirmantar : Bruflat: 11 Nord – Etnedal : 6

Det var i januar 2024 bønnevandringar både i Nord-Etnedal – og Bruflat kyrkje, og konfirmantsamlingar etter skuletid, på tysdagar gjennom halvåret.

Det var Hekta-helg på Lillehammer 9.-11. februar, der foreldre stilte opp som gode hjelparar. Konfirmantane avslutta bøsseinnsamlingsaksjonen (til Kirkens nødhjelp) med fasteaksjonskveld på Bruflat menighetshus. Ei av dei andre tenesteoppgåvene var deltaking på kyrkjelydsfesten, som er årsmøta til kyrkjelydane i Etnedal. Samtalegudstenesta var i Nord-Etnedal kyrkje, og Nord-Etnedal sokneråd inviterte til festsamvær i kyrkjerommet etterpå. Konfirmasjonsdagen var, tradisjonen tru, fyrste og andre syndagen i juni.

Konfirmantane 2024/2025

Konfirmantane starta med introduksjonssamling i Bruflat kyrkje 4. september Laurdag 14. september var prost Carl Philip Weisser på **vandring med konfirmantane** frå Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje

Diakoniutvalet tok, saman med Marit prest, imot konfirmantane, med stillheit , i kyrkjerommet, før ei kort gudsteneste. Etterpå hadde utvalet også ansvaret for serveringa. Konfirmantane hadde fire andre samlingar på hausten, der dei mellom anna førebudde deltaking på lysmessa og lesing juleaftan, pluss to bolkar med øving på handklokkespel til skulegudstenesta. Ansvarleg for handklokkene: Organist Sergio Konfirmantane framførte ei forteljing om dei fire adventslysa fyrste adventsøndagen. og skulegudstenesta, På juleaftan las konfirmantar juleevangeliet i begge kyrkjene. Soknepresten er ansvarleg for gjennomføring av konfirmantopplegget.

3. KYRKJELEG TILSETTE

Marie Bjørnødegård,	kyrkjeverje og saksbehandlar for Bruflat sokneråd
Sergio Okstad,	organist
Nils Kjell Nilsen,	kyrkjetenar
Helena Wright,	trusopplæringsmedarbeidar
Solgunn Vårlid Stensæter,	diakon (Permisjon frå 1.1.2025)
Laila Sveen,	kontorsekretær
Arbeidsgjevar: Etnedal kyrkjelege fellesråd	
Marit Slettum,	sokneprest
Arbeidsgjevar: Hamar bispedømmeråd	

4. GUDSTENESTELIVET

Gudstenesta er bærebjelken i kyrkjelydsarbeidet. Dei ukentlege samlingane om Guds Ord, stillheit, bøn for bygd og land og folk og feiring av Herrens nattverd, er rasteplassar vi frimodig inviterer til.

Andakter og gudsteneste på Etnedalsheimen

Det var 26 andakter på Etnedalsheimen, pluss nattverdgdusteneste skjærtorsdag og julegudsteneste 2. juledag. Gudstenestene har vore eit samarbeid mellom organist, diakon og prest. I tillegg til organisten og presten, hadde diakonen også ein del andakter på Heimen.

Forsangargruppa; Solveig Telnes Skåren, Kristen Nysveen, Gerd Granum, Torill Stubbene, Ingun Kompen og Anne Marit Stensæter har trufaste vore med på andaktene dette året óg.

Marit prest hadde eit juleinnslag på Pårørandegruppa sitt julebord 29. november, og var også med på Etnedal helselag si årlege julesamling 22. desember, der juleevangeliet blir lese.

Barnehagegudstenesta før jul, var fredag 20. desember, der trusopplærar Helena Wright, spelte fiolin saman med organist Sergio Okstad, og presenterte julebodskapen i god forteljingsform. Presten var gudstenesteleiar.

Skulegudstenesta før jul er ein integrert del av samarbeidet skule-kyrkje. Ordførar Linda Mæhlum Robøle las jule-evangeliet, konfirmantane spelte handklokkespel og framførte «Forteljinga om dei fire adventslysa».

Helena spelte pre- og postludium saman med Sergio, og presten var gudstenesteleiar.

Grendegudstenester i 2024

Palmesøndag, på Klubbhuset i Sør-Etnedal. Lundstein helselag, sto som sedvanleg, for kyrkjekaffen.

Kristi himmelfartsdag 9. mai på Juven, hos Maria og Kjell Ivar Kompen, som gjestmildt opna dørene til heimen sin, og sørge for rummegraut, kaffe og kaker.

Rummegrautkokar Anna Kompen var med.

2. pinsedag den 20. mai; Brusveen grendehus. God mottaking og servering.

30. juni: Fjellsbygda grendehus, der det også var god mottaking og servering.

11. august: Nordre Lenningen seterhus, der det etter gudstenesta var rummegrautfest og hesteskotevling.

I tillegg var det plengudsteneste i Bruflatlie 30, 23. juni og 7. juli tok vi opp att tradisjonen med toppgudsteneste på Espelifjellet. Solgunn, Helena og Marie var med.

Klokkarar

Vi har også i 2024 hatt frivillige klokkarar i begge kyrkjene.

Nord-Etnedal: Solfrid Skogstad, Sigurd Skogstad, Wenche Hillestad Møller.

Bruflat: Anne Marit Stensæter, Kari Wold, Liv Gjertrud Telstø, Håvard Telstø, Olav Agnar Wold.

5. GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGAR 2024 (2023-tala i parentes)

	Bruflat	N. Etnedal
Gudstenester	43 (40)	17 (14)
Døypte	7 (7)	1 (1)
Vigde	1 (1)	0
Gravferder	9 (13)	3 (4)
Takkoffer	Kr. 80.853 (kr. 75.866)	Kr. 21.862 (19.241)

Kirkens nødhjelp – fasteaksjonen:

Felles for begge sokn, Kr. 39.098

6. KONSERTAR

Det har vore 9 konsertar i kyrkjene dette året.

Bruflat kyrkje

8. april Thomas Brøndbo

25. juli og 1. august: Sommarkonsertar med organist Sergio.

18. juli: Sommarkonsert med Helena Wright

30. november, to konsertar med Jul med valdresmål – og meining med Ørnulf Dyve m. fleire

3. desember : Konsert med kulturskulen i Nord-Etnedal kyrkje

10. desember: Julekonsert med Bruflat musikklag og Bruflat sangkor i Nord-Etnedal kyrkje. Janne Tåje, Ove Nygård Nybakk og Sergio Okstad

17. desember : Julekonsert i Bruflat kyrkje med Bruflat musikklag og Bruflat sangkor. Janne Tåje, Ove Nygård Nybakk og Sergio Okstad var med.

Øyvind Fagernæs hadde ansvaret for lyd på begge konsertane.

7. KYRKJEVARDEN

Kyrkjevarden hadde 4 utgåver også i 2024.

Kyrkjevarden samarbeidar med Etnedal kommune om inntil 4 s kommune-info pr. nr. Redaksjonen vart utvida i 2024. I tillegg til Ingun Kompen og Wenche Hillestad Møller, er også Solfrid Skogstad og Syver Øistuen med. Soknepresten er framleis redaktør.

8. OMVISING – BRUFLAT KYRKJE

Bruflat kyrkje var sommaropen fire veker 2024, og omvisinga vart gjort mogeleg ved dugnadsinnsats. Marion Lundstein, Ingun Kompen, Tone Steinset og Anne Marie Ødegaard, Solveig Telnes Skåren, Anne Marit Stensæter, Grethe Nysveen Bjørnødegård. Tord Bjørnødegård Fagernæs og Sofie Linnea Tidemandsen hadde ein dag kvar. Frå kyrkjestaben var Helena, Solgunn og Marit med ein eller fleire dagar kvar.